


- Må tåla bølgeslag frå skipstrafikken

12.04.2008



Slik er småbåthamna teikna inn i reguleringsplan for Beinavikjo/Uskedalen Brygge.

Kystverket Vest har no gjeve uttale til reguleringsplanen for Beinavikjo/Uskedalen Brygge og vist til at Storsundet er registrert som biled. Eit småbåtanlegg må difor dimensjonast slik at det kan tåla påregnelege bølgeslag frå skipstrafikken.

Kystverket gjer også merksam på at ein ved etablering av småbåtanlegg så tett opptil ein biled ikkje kan forventa å få innført fartsreduksjonar i farvannet.

Kystverket minnar om at tiltak som kaiar, flytebryggjar, utfyllingar, sjøleidningar med meire krev løyve av hamnestyresmaktene i tillegg til handsasming etter plan- og bygningslova. Det er ikkje tilstrekkeleg at tiltak er vist i ein reguleringsplan. Det bør derfor tilføyast i reguleringsbestemmelsene at tiltak i sjø som fell inn under hamne- og farvatnlovas bestemmelser skal godkjennast av Kystverket og sendast til dette i god tid før tiltak skal settast i verk.

Utifrå ei hamne- og farvatnmessig vurdering har Kystverket ingen andre merknader til planforslaget.